

## Referat Vår møte Langrenn, Skei 25.05.2019

### Sak 1) Rekrutteringsarbeid i klubb v/ Atle Rolstadaas, NSF

Atle Rolstadaas presentere verktøyet «Temakveld Rekruttering», eit opplegg med tankar om rekruttering. Dette vert lagt på heimesida til Skikrinsen.

Vidare var leia han ei idémyldring om kva som trengst for rekruttering til langrenn. Stikkord var snø, engasjerte foreldre, anlegg, skileikanlegg. Utlån av skiutstyr? Aktivitetsleiarkurs. Samarbeid med barnehage og skule.

### Sak 2) Oppsummering av sesongen 2018-2019

Oddmund Lefdal gjekk gjennom presentasjon.

- lite snø i starten på sesongen

- få avlysingar, SSF

- cupen samlar flest

- forslag om 100% premiering t.o.m. 16 år? Vår møtet vedtok at det skal praktiserast 100% premiering t.o.m.16 år (gjerne junior og senior og).

-praktisering av fluorforbodet. Uheldig at det vart så mange positive fluortestar under Hovudlandsrennet. Dette er ei sak der det handlar om haldninga og verdiar. Nesten alle er einige om at det bør vere eit forbod mot fluorprodukt for løparar under 16 år, og gjerne i heile langrennssporten. Noko ulike syn på korleis det skal gjennomførast i høve mulig kontroll og kva konsekvensar brot på forbodet skal få.

Kommentar i høve fluorbruk på nasjonale renn for senior og junior. For å betre forholda for smørerar får arrangørar pålegg frå Skiforbundet om ventilasjon og avfallshandtering. Det vart påpeika at Skiforbundet må følgje opp med midlar for å gjennomføre desse tiltaka.

### Sak 3) Rammer for Terminliste 2019-2020

Spørsmål som vart stilt, og kommentarar til desse:

- *KM friteknikk i romjula* (i staden for tredagars KM)?

For: Juniorar og seniorar som bor borte kjem heim. Lettare å få med skiskyttarar. Bra å ha noko viktig renn tidleg, komme i gang.



Mot: Tidleg, mange har ikkje gått på ski. Tre-dagars KM er med på å gje det «status». Klubbar reiser i lag og bur saman på hotell, bra for det sosiale miljøet.

- *KM i langrennscross?* Delte meiningar. Bra for yngre. Alternativ til sprint. Kan og haldast i klassisk. Sprint i tillegg. Meir sprint terminlista.

- *rennfri helg?* Ei helg utan reisebelastning. Sist sesong var det mange rennfrie helgar på rad, ikkje bra. «Treningssamling» i staden? Komme saman å gå mykje på ski?

- *variasjon i øvingshelg?* Renn med skibytte. Fellesstart. Annakvart renn i ulik stilart. Fellesstart i klassisk (intervall for under 13 år) . Renn der utøvarane vel distanse uavhengig av årsklasse. Lokale langrennscross.

Alt dette er innspel som langrennskomiteen tek med seg i det vidare arbeid med Terminlista.

Det er bestemt:

- KM i Sogn 25.-26.januar

- SSF Cup Finale i Førde

#### **Sak 4) Krinslaget 2019-2020**

Tor Arne Hov informerte. Krinslaget er i gang med testing og barmarkssamling først i mai. Berre ein seniorløpar neste sesong. Stabile trenar, hovudtrenar: Simen Bækken, Roger Pollen. Trenarar:, Eivind Øygard pluss andre.

Løparar på Krinslag skal bruke krinslagsklede i alle renn (utanom NM-stafett).

Krinslaget har samling på Beitostølen i november. Klubbar kan kanskje henge seg på, slik at fleire reiser i lag. Det kan vere med på å bygge skimiljø i fylket.

#### **Sak 5) Fellesopplegg nasjonale renn og meisterskap**

Tor Arne Hov gjekk gjennom lista med nasjonale renn.

HL 21.-23.02 i Nybygda.

#### **Sak 6) Breiddesamlingar (12-16 år)**

Faste arrangement (som ein tek sikte på å halde fram med) i samarbeid med klubbar:

- Sommarskiskule arr. av skikrinsen

- Ullsheim i september



- Enivest skiskule i Førde.
- Idrettens møteplass i oktober, Sandane
- Jentesamling i samband med Ullsrennet.

Prøv å få til lokale samlingar, fleire klubbar kan samlast om ein treningsdag. Sognalangrenn har gjort det.

Rennfri helg med skisamling? For å gå mykje på ski i lag.

### **Sak 7) Team Veidekke Vest**

Oddmund Lefdal gjekk gjennom info på presentasjon.

To løparar frå Sogn og Fjordane.

Gode resultat i Teamet denne sesongen.

Trenar må vere meir på Lillehammer (der de fleste løparane bur).

Mindre reising.

Ref. Torunn Grut